



# Årsrapport for 2019 frå SNO til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre



SNO lokalt: Anne Rudsengen

I tillegg har også Rune Holen (SNO-Sandane) utført ein del arbeid i Jostedalsbreen nasjonalpark.

Framsidefoto: Frå turen opp Lundeskaret og over til Bøyadalen 9.august 2019. På bildet frå v: Einar Målsnes (styrerepr. frå Balestrand), Tor Arne Hauge (nasjonalparkforvaltar), Atle Hamar (statsekretær i KLD), Maria C. Knagenhjelm (nasjonalparkforvaltar), Marius L. Dahlin (styrerepr. frå Førde) og Anne Rudsengen (Statens naturoppsyn)

## Innhold

1.1	Kontroll og tilsyn .....	5
1.1.1	Om aktiviteten og resultata .....	5
1.1.2	Tilrådde oppfølgingspunkt .....	6
1.2	Formidling og informasjon .....	7
1.2.1	Kort om aktiviteten .....	7
1.2.2	Utviklingstrekk og tilrådd oppfølging .....	8
1.3	Kartlegging, registrering og overvaking .....	8
1.3.1	Kort om aktiviteten .....	8
1.3.2	Utviklingstrekk og tilrådd oppfølging .....	9
1.4	Grenseskilting .....	10
1.4.1	Aktivitet og resultat .....	10
1.4.2	Utviklingspunkt og tilrådd oppfølging .....	12
2.	Bestillingsoppgåver - omtale av oppdrag og tiltak .....	12
2.1.1	Føringar frå KLD, Miljødirektoratet og nasjonalparkstyre .....	12
2.2	Informasjonsskilting .....	12
2.2.1	Aktivitetar og resultat .....	12
2.2.2	Tilrådde oppfølgingspunkt .....	14
2.3	Ferdselsteljing .....	14
2.3.1	Aktivitet og resultat .....	14
	STIEN MOT FLATBREHYTTA .....	15
	KJENNDALEN .....	15
	STIEN TIL SKÅLA .....	15
	STIEN MOT KATTANAKKEN .....	16
	BERGSET .....	16
	DEN NYRESTAURERTE BUFARSVEGEN INN MOT ERDALSSÆTRA .....	16
2.3.2	Tilrådde oppfølgingspunkt .....	17
2.4	Søppel og anna avfall .....	17
2.4.1	Aktivitet og resultat .....	17
2.4.2	Tilrådde oppfølgingspunkt .....	18
2.5	Stiar og bruar - slitasje og vedlikehald .....	18
2.5.1	Aktivitetar og resultat .....	18
2.5.2	Tilrådde oppfølgingspunkt .....	19
2.6	Andre tiltak: gran, utsiktsrydding, kulturlandskap og fonntunn .....	20
2.6.1	Aktivitetar og resultat .....	20
2.6.2	Tilrådde oppfølgingspunkt .....	21
3.	Vedlegg .....	21

## Innleiing

Dette er den niande årsrapporten frå SNO til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre. Her er ei oppsummering av det arbeidet som SNO har gjort og vore med på i 2019 for nasjonalparken. For dei ulike tema er det sagt noko om kva aktivitet som er utført og om tilrådingar vidare.

Med omsyn til vêret så har 2019-sommarsesongen vore på det jamne utan veldig store og kraftige nedbørsdagar. Brefrontane har smelta tilbake også i år og tal besøkande opplevast som stor ved mange innfallsportar, noko også tal frå ferdselsteljarane viser.

Nasjonalparken har i år vore heldig å fått vitjingar frå Klima- og miljødepartementet. Tidleg på sommaren var klima- og miljøminister Ola Elvestuen på ein snarvisitt i Fjærland og fekk orientering om breen og utfordringar nedunder Supphellebreen. I tillegg har statssekretær i same departement, Atle Hamar, gått to lengre dagsturar i nasjonalparken i lag med dei som hadde høve frå styret, forvaltninga og SNO. Statssekretæren lova under grunnsteinsnedlegginga for Nye Tungestølen Turisthytte i fjor at han ville gå frå Jølster til Veitastrond i samband med opninga i år. 9. august gjekk turen opp Lundeskaret, over Marabreen og ned til Bøyadalen. 5. september gjekk turen frå Supphelledalen i Fjærland, gjennom Snauedalen til Veitastrond.

SNO-lokalt samarbeider tett med nasjonalparkforvaltninga og freistar å delta på alle styremøte til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i tillegg til andre fellesmøte og synfaringar. Resultat frå feltarbeid blir lagt i databasane verneområdeloggen (feltdagboka), artsobservasjonar og rovviltbasen.

Denne årsrapporten gir også eit litt større bilde av arbeidet til lokalt SNO utover arbeidet i og med Jostedalsbreen nasjonalpark.



Supphelledalen, 23. juni


# 1. Kjerneoppgåver: kontroll, tilsyn, informasjon mm

Miljødirektoratet er eit statleg forvaltarorgan under Klima- og miljødepartementet. Statens naturoppsyn (SNO) er Miljødirektoratets operative feltorgan. SNO varetek nasjonale miljøverdiar og førebygger miljøkriminalitet. Oppgåver spenner frå kontroll, overvaking og informasjon til skjøtsel og tilrettelegging i verneområde. SNO har òg mange oppgåver knytt til artar som villrein, laks, fjellrev samt registrering, dokumentasjon og felling av store rovdyr.

Leinga i SNO sitt i Trondheim, og vi har kring 60 lokalkontor spreidd over heile landet.

I følge førte timar har SNO-tilsette lokalt utført til saman kring 50 dagsverk i felt i Jostedalsbreen nasjonalpark i 2019 (fram til og med oktober). Dette gjeld alt arbeid på både ordinært oppsyn/tilsyn, registreringsarbeid og diverse tiltak. I all hovudsak er arbeidet utført av Anne Rudsengen, men noko arbeid er òg utført av Rune Holen.

Fordeling på ulike arbeidsoppgåver i felt frå SNO-Jostedalsbreen for 2019:



## 1.1 Kontroll og tilsyn

### 1.1.1 Om aktiviteten og resultatene

Både SNO og nasjonalparkstyret kan på fritt grunnlag melde brot på verneforskrifta. SNO har i 2019 ikkje meldt nokon for brot på verneforskrifta. Hendinga med lågtflyging som vart meldt i fjor ved Flatbrehytta er henlagt av politiet pga ukjend gjerningsperson.

SNO møter kvart år på turistar som bruker drone i og ved nasjonalparken. Ny tolking av dagens forskrift, jf klagesak av 29. april i år, gjer at SNO i mindre grad grip inn, i forhold til tidlegare. Viss droneflyginga skjer slik at det er til sjenanse for andre besøkande eller i nærleiken av kjente hekkelokalitetar, så tek SNO kontakt og ber om at drona vert teken ned.

I år fekk SNO sentrale føringar frå Miljødirektoratet på kontroll av alle dispensasjonar som har vore gitt i perioden 2014-2018 i alle verneområda i landet. For Jostedalsbreen nasjonalpark har SNO vore ute i felt og sjekka opp i alt 26 dispensasjonssaker, inkludert saker frå 2019. Dette gjeld saker som visast att, som bygge- og gravesaker. Gjennomgangen av dispensasjonane var todelt. Først og fremst om tiltaket har vore utført etter kravet i løyvet, men også om løyvet var konkret nok til å kunne kontrollerast. Forvaltninga legg alle sakene i *Miljøvedtaksregisteret*, som er eit offentleg register, og SNO har henta dispensasjonssakene derifrå. For nokre saker er det fleire dispensasjonar i same sak. I nokre av dispensasjonssakene er dato for ferdigstilling av tiltaket fram i tid, og difor ikkje kontrollert enno.

Resultata viser at alle dispensasjonssakene er tydelege og greie å kontrollere. For dei fleste tiltaka var det ingen avvik. Nokre få av sakene har noko avvik i høve løyvet og dette er forhold som var kjent frå før. Det har vore ein god del saker som gjeld restaurering av stølsbygningar med vilkår om å frakte ut igjen materiale som ikkje blir brukt. Under oppsynsturane ser SNO at det framleis ligg att noko materiale på stølsbøane.



*Utsjekking av løyve gitt til restaurering på Ruteflotsætra*



*Det ligg att haugar med bygningsmateriale på nokre stølsvollar i nasjonalparken*

Verneområde	Saksnummer Miljøvedtaksregisteret	Type sak	Kontroll gjennomført dato	Resultat/Oppfølging	Merknad	Registrert i VO-logg
Jostedalbreen NP	07.04.2014	nybygg		Ikke påbegynt	Haugadalen, Oppsetting av bru	nei
Jostedalbreen NP	07.04.2014	vedlikehold/utvidelse	21.09.2015	ingen avvik	Kvannebakbu, ombygging	ja
Jostedalbreen NP	26.04.2014	annet	2016	ingen avvik	Oldekkaret, Oppgradering av stien	ja
Jostedalbreen NP	29.06.2015	vedlikehold/utvidelse	16.08.2019	ingen avvik	Ruteflotdalen, Søknad om godkjenning av utført arbeid. Sak 17/15	ja
Jostedalbreen NP	29.06.2015	vedlikehold/utvidelse	16.08.2019	ingen avvik	Ruteflotdalen, Skifte tak på sel. Sak 18/15	ja
Jostedalbreen NP	12.10.2015	nybygg			Skåla, Bygging av sikringshytte	
Jostedalbreen NP	13.06.2016	vedlikehold/utvidelse	16.08.2019	ingen avvik	Ruteflotdalen, Endring av tak. Sak 26/16	ja
Jostedalbreen NP	13.06.2016	vedlikehold/utvidelse	16.08.2019	ingen avvik	Ruteflotdalen, Endring av tak. Sak 27/16. Materiale ligg lagra på sæterområdet	ja
Jostedalbreen NP	21.06.2016	vedlikehold/utvidelse	25.05.2018	annet	Sunnalsetra, Jørnselet, endring av sel, uttak av torv. Ferdigstilling sendt forvaltning. Vinkelsliper-skade på svaberg rapportert tidlegare.	ja
Jostedalbreen NP	31.10.2016	vedlikehold vei	2018 og 2019	ingen avvik	Briksdalen, Sti og utkikkspunkt. Er ikkje bygd innafør NP-grensa	ja
Jostedalbreen NP	03.03.2017	vedlikehold/utvidelse	25.09.2019	anmodning om retting	Sunnalsetra, Haraldselet, restaurering. Verandadør skal skiftast til vindu innan utgangen av 2019	ja
Jostedalbreen NP	28.04.2017	vedlikehold/utvidelse	31.05.2018	ingen avvik	Bufarsveg i Erdalen. Det er trong for nokre mindre utbetringar	ja
Jostedalbreen NP	28.04.2017	vedlikehold/utvidelse	30.04.2018	ingen avvik	Bødalseter, Kolbeinselet, utbetring. Ingen avvik etter at det vart retta opp utan bruk av miljøerstatning. Sak 14/17	ja
Jostedalbreen NP	26.06.2017	annet	25.05.2018	ingen avvik	Sunnalsetra, Bålplass	ja
Jostedalbreen NP	26.06.2017	vedlikehold/utvidelse	25.09.2019	Ikke påbegynt	Sunnalsetra, restaurering av Bukkebu/Jua. Litt arbeid er utført. Materialet er lagra.	nei
Jostedalbreen NP	26.06.2017	vedlikehold/utvidelse	25.05.2018	ingen avvik	Sunnalseter, Andersfjosen og Andersselet	ja
Jostedalbreen NP	14.02.2018	annet	22.05.2018	annet	Skålatårnet, vilkår vinterstenging. Vurdering av forvaltninga.	
Jostedalbreen NP	31.05.2018	vedlikehold/utvidelse	25.09.2019	ingen avvik	Sunnalsetra, Platting, avslag. Platting ikkje bygd.	ja
Jostedalbreen NP	31.05.2018	vedlikehold vei	25.09.2019	annet	Sunnalseter, drifteveg. Påbegynt men ikkje slutført	ja
Jostedalbreen NP	31.05.2018	vedlikehold/utvidelse		annet	Erdalen, Vedlikehold av sel, frist ut 2019	
Jostedalbreen NP	03.09.2018	annet	ikkje kontrollert (enno) pga		Uttak av steinprøver, Høgskulen	nei
Jostedalbreen NP	08.10.2018	vedlikehold vei	30.04.2018, 32/18	ingen avvik	Bødalseter, Reperasjon etter flaumskade. Sak 32/18	ja
Jostedalbreen NP	07.11.2018	vedlikehold vei	30.04.2018, sak DS	ingen avvik	Bødalseter, køyrespor utbetring	ja
Jostedalbreen NP	12.03.2019	nybygg		Ikke påbegynt	Sunnalseter, Storselet. Løyve til riving og oppattsetting	nei
Jostedalbreen NP	11.04.2019	vedlikehold/utvidelse	ikkje kontrollert etter siste arbeid	annet	Erdalen, Storesetra, Utbetring av brutilkomst	ja
Jostedalbreen NP	12.04.2019	vedlikehold/utvidelse	21.05.2019	annet	Erdalen, Fasadeendring sel, ikkje ferdigstillt	ja

### 1.1.2 Tilrådte oppfølgingspunkt

- Freiste å vere i område av nasjonalparken der det kan vere ulovleg lågtflyging
- Oppfølging av dispensasjonsløyver som vert gitt

## 1.2 Formidling og informasjon

### 1.2.1 Kort om aktiviteten

Formidling om vernet, naturen og kulturhistoria er ein viktig del av arbeidet til SNO. Vi synast att med SNO-logo på klede og bil noko som gjer at publikum gjerne tek kontakt. Statistikken i Feltdagboka frå SNO viser at i alt 270 personar har blitt "informert", snakka med om nasjonalparken og liknande, gjennom tilfeldig møte ute på oppsynsturar. Gjennom sommarsesongen tek lokal SNO ofte kontakt med reiselivsaktørar, bønder, grunneigarar og andre som bruker eller tilrår bruk av nasjonalparken. Dei tre besøkssentra er naturlege stader å stikke innom for informasjonsflyt. Slik får ein kjennskap til ønsker, utfordringar og eventuelle konflikhtar.

SNO gir tilbakemelding og bidreg i arbeidet med korleis besøksforvaltninga best mogleg kan tilpassast i Jostedalsbreen nasjonalpark. Med nokre store nasjonale turistmål i nasjonalparken er det lett å sjå at utfordringa er annleis enn i dei fleste andre verneområde.



*Det er kanskje ikkje trong for riktig så mange SNO-are i Jostedalsbreen nasjonalpark, men det kunne kanskje vore meir enn ein ... Foto frå nasjonal SNO-samling i februar: feltfolk innan nasjonalpark, andre verneområde, lakseoppsyn, myr, rovvilt mm + administrasjon med stab og støtte i Trondheim*

## 1.2.2 Utviklingstrekk og tilrådd oppfølging

Det ligg store, spennande og uløyste informasjonsoppgåver for å fremje natur- og kulturkvalitetane i nasjonalparken. Besøksstrategien som er under arbeid vil legge nokre gode rammer for dette. Med ein nasjonalpark som er så mykje besøkt som Jostedalsbreen, så burde informasjon i mange formar, både på nett, fysisk med skilt og gjennom naturretteliing i felt vore meir til stades. Dei tre nasjonalparkssentrene gjer mykje informasjonsarbeid, men utifrå ressursane så er dette i hovudsak på sentrene. SNO vil halde fram, så langt det er mogleg innan gitte rammer, å vere mange stader og synleg til stades i nasjonalparken gjennom sommarsesongen.

## 1.3 Kartlegging, registrering og overvaking

### 1.3.1 Kort om aktiviteten

I Sunndalen i Stryn er det to stadar som har namn som kan kome av Hubro: Berguvhammaren og Bergulvøyna. Eldre informantar i området meiner det kan ha vore hubro i Sunndalen, og landskapet ligg også til rette for hubro. SNO vart difor beden om å sette ut og drifte lydopptakutstyr for registrering av hubro i dette området. Ettersom det er stor hubro-interesse hjå mange hobby-ornitologar, så tok eksterne over dette arbeidet. Det vart sett ut tre "lytteboksar" som stod i tre døgn. Dessverre kom dei ikkje ut før i slutten av april, så det var mykje lyd av flaumstore elvar og ingen hubro-rop. Ein bør freista å få ut lydopptakutstyr noko tidlegare neste år.




*Kan det hekke hubro i Sunndalen?*

Det er inga spesielle program for naturfaglege registreringar eller overvaking i nasjonalparken som SNO er involvert i. Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) utførar frontposisjonsmålingar ved i alt 11 brear i nasjonalparken, inkludert Nigardsbreen. I tillegg blir det uført massebalansemålingar på Austdalsbreen og Nigardsbreen. Alle brearmene hadde også i 2019 ein tilbakegang.

SNO utførar registrering og overvaking av utvalde plante- og dyreartar ulike stader i landet. Bestandskartlegging av jerv og ekstensiv overvaking av kongeørn er to regimer som gjeld for store delar av landet, også innanfor Jostedalbreen nasjonalpark. Elles freistar SNO å følgje med og legge inn spesielt raudliste-artar i artsobservasjon.no om ein kjem over dei. Det same gjeld framande artar. Det skal ha blitt registrert haustberberis innafor nasjonalparkgrensa i Sunndalen. Dette har ikkje SNO fått sjekka ut enno.

Oppmåling, fotografering og stadfesting av alle bygningar og tekniske installasjonar i nasjonalparken blir lagra i verneområdeloggen.

Det er fleire større og mindre spor etter stølsdrift og utmarksslåtter i nasjonalparken. Dei mest aktive kulturlandskapsområda per i dag er Bødalseter, Erdalen og Sunndalen der det både er husdyrbeiting og heile stølsmiljø innafor nasjonalparkgrensa. Utover dette finst det mange kulturspor som kunne vore interessant å få kartlagt. I tillegg har ein dei gamle ferdselsvegane.



*Alle instalasjonar i nasjoanlparken vert registrert. Her: øvste brua over elva frå Bødalbreen*

*Bru over elv som kjem ned frå Fessene innafor Bødalssæter*

### 1.3.2 Utviklingstrekk og tilrådd oppfølging

- Plassere ut og drifte lydopptakutstyr for å lytte etter hubro, spesielt i Sunndalen i lag med hobby-ornitologar
- SNO vil halde fram å utføre registreringar og overvaking av spesielle artar eller biotopar, etter nasjonale og regionale bestillingar så langt det er kapasitet til det. Spesielt: Sjekke ut lokaliteten som er registrert med haustberberis (framand art) i Sunndalen
- Det hadde vore spesielt interessant å få sett av ressursar til leit/overvaking av raudlistearten mnemosynesommarfugl: vestlandets kvite juvel!
- Halde fram med registrering av bygningar og andre faste installasjonar
- Registrere kulturspor som tufter etter løer og fjellstøler, slåtteenger og gamle ferdselsveggar i samarbeid med kulturminnestyresmaktene

## 1.4 Grenseskilting

### 1.4.1 Aktivitet og resultat

Det er i alt 39 grenseskilt i nasjonalparken. Desse står i hovudsak der ein sti kryssar nasjonalparkgrensa. Dei siste åra er det skifta til nye grenseskilt fleire stader i samband med anna oppsynsarbeid SNO gjorde i området. Det er laga ein nytt grenseskilt med litt mindre informasjon på enn det som var tidlegare. Kvaliteten på trykk og limet er også truleg betre.

Det er høve til å sette opp eitt underskilt i tillegg til grenseskiltet. I hovudsak er det informasjon om å halde hunden i band eller innkøring-forbodeskilt.



Statssekretær Atle Hamar er med å skifte grenseskilt for nasjonalparken før kryssing av Marbreen

Plassering	Grenseskilt	Status
Luster kommune		
Jostedalen		
Fåbergstølsgrandane	x	gml, på trepåle
Fåbergstølsbreen	x	gml
Tuftebreen og Steinmannen	x	skifta i 2018
Bergsetbreen	x	skifta i 2018
Røykjedalen	x	gml, uavklar tilstand
Tunsbergdalsbreen	x	skifta i 2018
Veitastrond		
Austerdalen	x	skifta i 2019

Langedalen nord	x	stang tatt av snøskred
Langedalen sør	x	skifta i 2019
Snauedalen	x	mangler
Sogndal kommune		
Sogndalsdalen		
(Anestølen) Tverrdalen	x	manglar
Fjærland		
Supphelledalen	x	Skifta i 2019, trepåle
Flatbrehytta	x	skifta i 2019
Bøyabreen	x	skifta i 2018
Kvitevardane	x	skifta i 2019
Førde kommune		
Haukedalen		
Tredjevatnet	x	uavklart
Jølster kommune		
Myklebust/Lunde		
Fagredalen, Grovabreen	x	ny sti, uavklar status
Syngnesandsdalen	x	gml, uavklar status
Lundesketet, Marabreen	x	skifta i 2019
Lundesketet, Kinnaklypa	x	gml, 2011 på trepåle
Stardalen		
Befringsdalen, Kvannbakkbu	x	skifta i 2018
Befringsdalen, Blåvatnet	x	skifta i 2018
Langedalen	x	gml, på trepåle
Tverrdalen, Gallen	x	gml, 2012 profilstang
Haugadalen, Haugabreen	x	skifta i 2017
Gloppen kommune		
Stryn kommune		
Oldedalen		
Oldesketet	x	skifta i 2018
Kattanakken	x	gml, er laust
Briksdalsbreen	x	skifta i 2018
Brenndalsbreen	x	skifta i 2018
Flatsteinsbu	x	gml, uavklar status
Lodalen		
Nesdal, Rutleflotdalen	x	skifta i 2019
Kjenndalsbreen	x	gml, god kvalitet
Bødalsbreen, Lodalskåpa	x	skifta i 2018
Skålatårnet	x	skifta i 2019 ?

Oppstryn		
Fosdalen	x	Skifta i 2019
Erdalen, Vetledalen	x	skifta i 2018
Sunndalen, buforsveg	x	skifta i 2018
Sunndalen, stien	x	skifta i 2018
Fylkesgrensa: (Raudalen) Merradalsbotn	x	gml, grense mot Breheimen

### 1.4.2 Utviklingspunkt og tilrådd oppfølging

- Halde fram med å skifte grenseskilt, spesielt i område som manglar eller har uavklar status
- Få signal om kvar og kva type underskilt som skal opp ulike stader

## 2. Bestillingsoppgåver – omtale av oppdrag og tiltak

### 2.1.1 Føringer frå KLD, Miljødirektoratet og nasjonalparkstyre

I tillegg til dei lovbestemte oppsynsoppgåvene får SNO årleg bestillingsoppgåver frå fleire forvaltningsnivå, det vil seia statleg (Klima- og miljødepartementet (KLD), Miljødirektoratet), regionalt (fylkesmenn, fylkeskommunar, nasjonalpark- og verneområdestyrar) og lokalt (kommunar med verneområdeansvar) nivå. I 2019 var ei omfattande dispensasjonskontroll ei slik sentral føring, sjå omtale i kap. 1.1.1.

Nasjonalparkstyret kjem kvart år med oppgåver til SNO i nasjonalparken: "Innspel om ønsket SNO-ressursar". Skjemaet for i år ligg utkvittert som vedlegg. Årsrapporten gir ei tilbakemelding på mange av oppgåvene.

## 2.2 Informasjonsskilting

### 2.2.1 Aktivitetar og resultat

Nasjonalparkforvaltninga er godt i gang med å lage ein besøksstrategi for nasjonalparken. Denne må vere på plass før ein kan sette opp nye skilt etter den nye designmanualen. Denne manualen er ein del av ei nasjonal merkevare for alle verneområda i landet under slogan: "Velkommen inn!". Førebels vil dei blå skilta stå ved innfallsporatar, anten som dei blå kompositt-skilta (designskilta) eller som dei enklare skilttavlene.

I år vart to einskilt-skilt, sokalla "faklar" fjerna frå parkeringsplassen ved Breheimsenteret og parkeringsplassen ved Bergset. Det står framleis att ved vårstølen på Veitastrond og skiltfundamenta står også att der "faklane" er fjerna.



*Dagens nasjonalparkinformasjon som møter dei besøkande i Briksdalen*

*Nasjonalparkinformasjon ved Tungestølen*

Gjennom mange år har det offentlege ved tidlegare Miljøverndepartementet, seinare Fylkesmannen og så SNO vore ein sentral aktør i arbeidet med å informere om farane ved brefrontane. Nasjonalparkforvaltninga har no dette som ei fast årleg bestilling frå SNO. Ved nokre brefrontar er det også eit samarbeid med politi og reiselivsaktørar. Per i dag står det informasjon om farane ved breen på åtte stader i nasjonalparken i tillegg til den omfattande informasjonen som er ved Nigardsbreen (naturreservat og anna forvaltningsmynde).

**Brefareskilting i Jostedalsbreen nasjonalpark:**

- Tuftebreen
- Bergsetbreen
- Supphellebreen
- Bøyabreen
- Haugabreen
- Briksdalsbreen
- Kjenndalsbreen
- Bødalsbreen

I år vart det sett opp brefareskilt ved Tuftebreen i Jostedalen. Her har det dei siste to åra vore meir besøk etter at turen vart skilta. Det tek om lag 1,5 time å gå opp til breen frå parkeringsplass på Bergset. Breporten i brefronten blir ofte stor utpå sommaren, og det rasar frå han. I sommar var det lett å kome inn på isen frå den eine sida, men etter kvart vil det truleg vere steinsprangfare i dette området.

Framføre Briksdalsbreen står det fem konsertgjerde-ledd i tillegg til einskildståande skilt med gult- og svart tau imellom. I vinter vart ikkje denne sperringa teke av fonnvind eller snø. Det er ikkje naturleg å fjerne informasjon om isras og steinsprangfare om vinteren ved Briksdalsbreen ettersom det er turistar her gjennom heile året. Briksdalsbreen har no trekt seg sopass langt tilbake at farane for å bli utsett for isras ikkje er tilstades om ein ikkje klyv langt oppover i fjellet.



Gjerde og brefareskiltinga har stått fint gjennom vinteren. Oldedalen skysslag, nasjoanlparkforvaltninga og SNO bruker ein liten time på søppelrydding før turistsesongen sett inn ved Briksdalsbreen

Tuftebreen, som ligg opp frå Bergset i Jostedalen, har blitt eit stadig meir populært turmål. I år vart det sett opp eit informasjonskilt om brefare

## 2.2.2 Tilråde oppfølgingspunkt

- Fjerne øydelagde informasjonsskilt
- Fjerne "fakkelen" på vårstølen på Veitastrond og fundamenta ved Breheimsenteret og Bergset
- Vaske/reinse nedre del av informasjonsskilt som har fått misfarging
- Halde ved like brefareskilting
- Innføre enklare tryggingstiltak ved Briksdalsbreen enn det som er der i dag
- Trong for meir plastkjetting, skiltstativ og brefareskilt

## 2.3 Ferdselsteljing

### 2.3.1 Aktivitet og resultat

Ferdselsteljarane som SNO nyttar har pyro-sensorar, det vil seie at dei registrerer varmen på personen eller dyret som passer attmed sensoren. Sensoren blir montert så høgt oppe at den ikkje skal telje sauar eller hundar. Teknologien gjer det mogleg å logge rørsle begge retningar med ein nøyaktigheit ned på time-nivå. Som i liknande teknologi vil det førekomme feilregistreringar. Viss to personar går tett attmed kvarandre kan dei teljast som ein person. Sensorane er difor freista oppsett på ein smal stad på stien. I 2019 har det i alt vore seks ferdselsteljarar i nasjonalparken, og dei har stått plassert følgjende stader: 1) Langs stien til Flatbrehytta, 2) Turvegen inn mot Kjenndalsbreen, 3) Stien mot Skåla, 4) Langs stien mot Kattanakken, 5) Bergset og 6) Langs stien mot Erdalssætra. Her er informasjon om nokre funn frå kvar teljar.



Tor Arne er med på oppsett av ferdselsteljar langs stien til Kattanakken. Sensoren er plassert på treet



Dataeininga av ferdselsteljarane har eitt batteri som kan vare i 10 år

### STIEN MOT FLATBREHYTTA

Ferdselsteljaren var plassert ganske langt nede i stien, så ein kan ikkje rekne med at alle har gått heile vegen til Flatbrehytta. Teljaren stod i perioden 15. mai til 15. oktober. I denne perioden er det i alt registrert 7015 passeringar, dvs. kring 3500 viss ein går tur-retur. I dette talmaterialet er tre dagsregistreringar på nokre 1000 kvar dag teke vekk, noko som må vere feilregistreringar.

### KJENNDALEN

SNO fekk ein ferdselsteljar til etter sesongstart, og denne vart plassert på den mykje brukte turiststien som går mellom parkeringsplassen og utsiktspunktet i Kjenndalen. Hit inn kjem det hundrevis av turistbussar gjennom sommarsesongen og den 400 meter lange stien fram til utsiktspunktet er tilgjengeleg for alle. Frå lokale reiselivsaktørar vart det informert om at det var tinga turar på kring 1000 bussturar inn til Kjenndalen i sommar (ca. 400 bussturar i 2018).

Ferdselsteljaren stod i perioden 28. juni til 7. november. Det er registrert 60794 passeringar, dvs nesten 30400 personar, for på denne stien går alle tur-retur. Dagane med høgast registrerte passeringar var 16. juli med 1838 (919 personar) og 13. august med 1828 (914 personar).

Det er sjølvsagt mest besøk på sommaren, men også seint i oktober er det registrert passeringar kvar dag med opp i 30 besøkande på helgedagane.

### STIEN TIL SKÅLA

Det har gjennom mange år vore utført teljingar på stien til Skåla. I sommar var teljaren plassert langs stien overfor der traktorvegen og stien møtast. Slik får ein med alle som passerer på veg opp og ned. Som på stien til Flatbrehytta, så kan ein ikkje rekne med at alle som passerer dette punktet går heilt opp til Skålatårnet. Det er tre naturlege "snu-stadar" før Skålatårnet: Ved fossen, ved Sjinglebrua og ved vatnet.

Teljaren stod i perioden 31. mai til 7. november med i alt 21926 passeringar (ca 10900 ein veg). Som vanleg er løpsdagen for "Skåla Opp" den dagen med flest passeringar som i år var på 1897, dvs. kring 950 personar ein veg. Utifrå tala kan ein lese at mange passerer teljaren inn i nasjonalparken er ca. kl. 09:30 på helgedagar - noko som tyder på at målet er Skåla.

### STIEN MOT KATTANAKKEN

For å kome til stien mot Kattanakken følgjer ein den mykje brukte vegen i retning Briksdalsbreen fram til toppen av Kleivafossen. Herifrå følgjer ein den nye rundturvegen som er under etablering på sør-sida av elva. Denne turistvegen vil dreie av og kome bort på den andre sida av elva. Ferdselsteljaren var plassert langs stien mot Kattanakken, på oversida av "Kleivatoppen" (dei store svaberga), der stien startar å gå oppover sida.

Ferdselsteljaren stod i perioden 29. april til 27. november. Totaltala viser kring 3200 passeringar ein veg for heile perioden. Førabels har det ikkje lykkast å få tala fordelt på dagar og då heller ikkje sett om det kan ligge inne store feilregistreringar.

### BERGSET

Ferdselsteljaren var plassert like før sti skilje mot Tuftebreen og mot Bergsetbreen. Tala frå denne teljaren viser feilregistreringar ettersom registreringane inn og ut er så ulike (88 % inn og 12 % ut). For også på dette punktet vil det vere naturleg at det nesten like mange som går inn og ut. Det er ikkje mogleg å finne klare feilregistreringar i talmaterialet. Ein mogleg forklaring er at ut-passeringar er lagt på inn-registreringane.

I den perioden teljaren stod oppe, frå 14. mai til 15.oktober, er det registrert 12817 passeringar, dvs 6408 besøk når ein reknar med at alle går same vegen fram og tilbake.

### DEN NYRESTAURERTE BUFARSVEGEN INN MOT ERDALSSÆTRA

Den nyrestaureerte bufersvegen vart ferdig i 2017 og i år har det vore teljar her. Førabels har det ikkje vore mogleg å få ut tala frå denne teljaren.

Statestikk for 1 - 31. juli 2019:

Plassering	Tidsperiode	Begge retningar	Inn i nasjonalparken	Ut av nasjonalparken	Gj.snitt pr. dag ein veg
Flatbrehyttastien	Juli måned	3025	1607	1418	49
Kjenndalen	Juli måned	26725	13617	13108	431
Skålastien	Juli måned	10284	5744	4540	166
Bergset	Juli måned	5025	4399	626	81

### 2.3.2 Tilrådde oppfølgingspunkt

Trass noko feilregistrering så er teljardataene truleg av dei beste metodane å få ei oversikt over tal personar som vitjar ein bestemt del av nasjonalparken. Med talseriar frå før og etter ulike tiltak som restaurering av stiar og skilting, vil ein ha betre grunnlag for god besøksforvaltning. I område der det ikkje går beitedyr, kan det vere teneleg å prøve ut telje-systemet med trampematter. Andre måtar å få informasjon om tal besøkande i ulike delar av nasjonalparken kan vere frå vegselskapa der det blir løyst bombillettar og frå "Strava"-informasjon og liknande.

## 2.4 Sjøppel og anna avfall

### 2.4.1 Aktivitet og resultat

Nokre stader i nasjonalparken, gjerne høgt til fjells, ligg det att rester etter øydelagde bruer og liknande. SNO laga i år ei oversikt over kjente område for slikt avfall for å få det frakta ut med helikopter. Dessverre kom vi for seint i forhold til tidleg snøfall i høgda. Men ved Lonene, innafor Befringsstøylen i Jølster samla SNO saman brurestar og ein gammal båt som vart henta ut med helikopter seinare.



*Opprydding av ei bru, ved Lonene, som ikkje lenger var i bruk. Materiale klart for uthenting med helikopter*



*Øydelagd glasfiberbåt ved Blåvatnet vart frakta ut*

Generelt er det lite søppel i nasjonalparken. I dei mest besøkte områda er det noko snop- og snytepapir, og det bør gjennomførast årlege søppelplukking-aksjonar på stader som fram mot Briksdalsbreen, ved Bøyabreen, ved Supphellebreen, i Kjenndalen og innafor Bergset. Ved Briksdalsbreen har det etablert seg ein årleg tradisjon om våren mellom Oldedalen Skyslag og SNO med ryddedugnad og sjekking av informasjon om brefare og tilhøyrande gjerde. Rydding i turistområda av nasjonalparken bør gjerast i samarbeid med reiselivsaktørar og andre aktuelle aktørar.

Oppe på breen er det kvar vår mange grupper som går "Josten på langs". Ein må då ligge i telt, og toalettavfallet vert liggande att i snøen/breen. Spesielt ved Ståleskaret er det mange som overnattar på denne tre-dagarsturen. Det var planlagt

synfaring av dette området seint på sommaren i samband med uthenting av anna avfall frå nasjonalparken. Dette vart ikkje utført på grunn av vêrforholda.

#### 2.4.2 Tilrådde oppfølgingspunkt

- Organisere og hente ut større avfall frå nasjonalparken med helikopter
- Synfare toalettrestene i Supphelleskaret seint på sommaren
- Organisere årlege ryddedugningar i dei mest besøkte områda i nasjonalparken
- Sjekke attraktive område for større teltleirar, som ved Haugastølen og på breplataet (Ståleskaret)

## 2.5 Stiar og bruar – slitasje og vedlikehald

For nokre av stiane i nasjonalparken er ansvaret for vedlikehald avklart. Gjennom forvaltningsplanarbeid/besøksforvaltninga vil nasjonalparkforvaltninga lage ei oversikt over tilstand på mange av stiane i nasjonalparken.

Nasjonalparkforvaltninga og SNO har i mange år bidrege i større eller mindre grad med restaurering og vedlikehald av fleire stiar og vegar i nasjonalparken. Nokre stader er det utført steinarbeid, både restaurering av gamle steinsette stiar og bygging av nye. Andre stader er det nytta grus og utbreidding av nedsigen sti. I nokre bratte stiar er gammalt tau og anna sikring bytta ut med vaier. Nokre få stader er det bygd ny sti/turistveg.

Dei stiane/vegane som nasjonalparkforvaltninga og SNO har bidrege mest i er stiane til Skåla, Oldeskaret, Lundeskaret og Flatbrehytta, buferdsvegane inn mot Sunndalssætra og Erdalssætra, turistvegen mot utsiktspunktet i Kjenndalen, delar av strekningane på stiane mot Bødalsbreen, Bergsetbreen, Tuftebreen og i Bakkedalen i Jostedalen. SNO freistar kvar år å gå over dei fleste av desse strekningane tidleg i sesongen for å sjå på tilstand og vurdere moglege tiltak.

I tillegg har nasjonalparkforvaltninga og SNO bidrege med midlar og kunnskap ved oppattbygging og nybygging av mange bruar.

#### 2.5.1 Aktivitetar og resultat

##### RESTAURERTE STIAR OG BRUAR

Det største stiarbeidet i 2019 har vore andre del av utbetringa av bufarsvegen inn mot Sunndalssætra. Her har SNO bidrege med praktisk kompetanse og råd. SNO har synfart fleire område som har fått løyve til utbetringstiltak på stiar og bruar. Dette gjeld spesielt ved Bødalssætra der det seint i fjor vart utført arbeid på stølsvegen inn mot sætra fordi delar av den gamle vart teken av flaum. Ved Erdalssætra er det utført utbetningsarbeid på stølsbrua.

SNO har synfart fleire stiar og gitt fortløpande tilbakemelding til forvaltninga. Ved Bergset og i Kjenndalen vart det ut på sommaren rydda ein del kratt og høgstaude som veks inn i stien like innafor parkeringsplassane.



### SÅRBARE MORENERYGGAR

I nokre område inn mot breane i nasjonalparken går hovudstien eller ei sti-strekning over eller opp på sårbare moreneryggar. Ved stadig mykje bruk fører dette til slitasje av ei geologisk form som ikkje blir nydanna med det første. Ende- og sidemorener bør difor takast spesielt omsyn til. SNO starta i 2019 opp ei kanalisering av ferdsla inn mot Austerdalsbreen. Her er framleis fleire parallelle sti-trasear og ein freistar "å stenge" ei strekning som går over moreneryggar og heller leie turgåarane på den mest slitesterke stistrekningen. Førabels er dette gjort med å hogge/rydde ønskt trasé og legge greiner og stein der ein ikkje ønskjer ferdsel. På stien til Skåla vart fleire mindre snarvegar stengt med stein og nystrekningen er steinlagt. På denne stien har det også i ei årrekke vore sett opp gjerde med oppfordring om å følgje stien. Dette ser vi har vore til god hjelp og ein sårbar morenerygg har blitt skåna.

#### 2.5.2 Tilrådde oppfølgingspunkt

- Det bør vere tilsyn og i tillegg utførast arbeidd på dei mest brukte stiane kvar vår med å opne stikkrenner og utføre mindre reparasjonsarbeid
- Ut på sommaren bør det vere tilsyn med stiane for å rydde vekk tre og kratt som veks inn i og over stiane
- Det er trong for utbetringsarbeid på stiane mot Bergsetbreen (meir klopplegging), Lundeskaret (reparere steinlagt sti som har sige ned) og Erdalssætra (bygge nokre stikkrenner i stein)
- Ha høve til å sette inn strakstiltak når delar av ein mykje brukt sti vert øydelagt i løpet av vinteren eller i vårflaumen
- Halde fram med kanalisering av ferdsel der mykje brukte stiar går over slitesvake moreneryggar (døme: mot Austerdalsbreen, Bødalsbreen, Bergsetsbreen og Haugabreen)

## 2.6 Andre tiltak: gran, utsiktsrydding, kulturlandskap og fonnnfunn

### 2.6.1 Aktivitetar og resultat

Gran er ein framand tresort på Vestlandet og det er ikkje ynskjeleg at han skal spreia seg inn i nasjonalparken. Det er spesielt i to område i nasjonalparken det er mykje gran: Sunddalen og innafor Bergset. Andre stader er det enkelt-tre/små klynger med tre inne i nasjonalparken som i Fosdalen (Oppstrynsida), Supphelledalen, mot Tuftebresteinen og inst i Bøyadalen. I vinter freista SNO å sage ned alle grantrea vi fann i området nedunder Bøyabreen. Dei fleste trea sto i god avstand frå stiar, så då vart det ikkje gjort meir oppryddingsarbeid. Nokre grantre stod attmed stien mot Almerinden. Desse vart sagd ned i kortare lengder, kvista og lagt i haugar.



*Grana har spreidd seg opp i Fosdalen i Oppstryn*



*Fjerning av små gran nedunder Bøyabreen*

Mange stader i og ved nasjonalparken med utsiktspunkt inn eller opp mot breen, er det stadig høgare vegetasjon. Mindre tre og busk veks opp og skuggar for utsyn og gjerne også tilkomst på stiar. Døme på slike stader er inn mot utsiktspunktet ved Briksdalsbreen og ved Supphellebreen. Ved utsiktspunktet mot Bøyabreen ved vatnet vart det for mange år sidan sagd ned ein god del tre som så vart stubbebehandla for å unngå oppskot. Dette er område som ligg rett utanfor nasjonalparkgrensa, og ein ser framleis gode resultat av dette arbeidet.

Dei største kulturlandskapa i nasjonalparken er i områda ved og ikring Sunndalssætra, Erdalssætra og Vetledalssætra og Bødalssætra. Ved Sunndalssætra er det utført noko rydding og det veks no opp med tistel. Andre og mindre tydelege spor etter kulturlandskap finn ein også andre stader i nasjonalparken. Ein stad er langs stien mot Flatbrehytta, like etter stiskilje ved Tunga. Ein annan stad som ser ut til å ha kulturspor/kulturlandskap, utover beiting, er langt inne i Langedalen innafor Fonn i Jølster. I tillegg kjem kulturspora etter gamle ferdselsveggar som enno ikkje er kartlagde.

I 2014 vart det funne framsmelta reinsdyrgevir i nasjonalparken, og desse vart aldersdatert. Det eldste geviret var over 2100 år gammalt. I lag med breforskar har vi oversikt over dei områda det kan vere størst sjanse om å finne framsmelta gevir - eller anna materiale som ikkje er knust av brerørsle. Viss funna gjeld spor etter menneskeleg aktivitet eller påverknad, så sorterer dette under kulturminne og fylkeskommunen. SNO har eit samarbeid med dei og skriv eige årsrapport til fylkeskommunen. Tidsvindauget for å leite etter framsmelta funn er kort ettersom mest mogleg vintersnø bør vere smelta bort, det må vere klarvêr, det må ikkje ha kome nysnø og det må vere personar tilgjengeleg. I 2019 vart dette tidsrommet for kort.

### 2.6.2 Tiltrådde oppfølgingspunkt

- Ta ut enkel-gran-tre i dei områda som er omtalt
- Sette i gang større tiltak for å ta ut dei to større granførekomstar i nasjonalparken
- Vurdere å få starte uttak av større granplantefelt som ligg like utafor nasjonalparkgrensa
- Registrere kvar det er trong for utsiktsrydding for god utsikt mot særmerkte delar av nasjonalparken (brefall) og få dette utført
- Utarbeide skjøtselsplan for dei tre stølsdalane i Stryn
- Fjerne tistel på stølsbøen ved Sunndalssætra
- Leite etter planteartar som kan stadfeste kulturlandskapspåverknad i områda innafor Tunga mot Flatbrehytta og inst i Langedalen i Jølster
- Planlegge fonn-funnleit frå midten av august
- Oppfordre turgåarar om å sjå etter framsmelta reinsgevir viss ein går i aktuelle område

## 3. Vedlegg

Innspill om ønsket SNO ressurs. Utkvittert	Årsrapport for 2019 frå SNO til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre   M-1558	
<b>År:</b>	år 2019	
<b>Bestiller:</b>	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	
<b>Jostedalsbreen</b>	<b>Forankring og beskrivelse av oppdraget</b>	<b>Utkvittering frå SNO</b>
Tilsyn/kontroll	Halde oppsyn med at verneforskrifta vert halde i Jostedalsbreen nasjonalpark.	Ca. 50 dagsverk er brukt ute i nasjonalparken i år (fram til 1. nov).
	Sjå til at styrevedtak/løyver vert overhalde i dispensasjons-saker.	Eit større arbeid er utført i år ved å gå tilbake og sjekke dispensasjonsvedtak frå 2014 til i dag
	Følgje opp tiltak i hovudsak ved oppstart og avslutning	Bødalseter (utbetring etter flaum), Sunndalen (kurås), Erdalen (bru, ikkje ferdigsstilt), Ruteflotdalen (ny bru- ikkje oppstarta). Ikkje gjennomført tilsyn i Haugadalen etter buoppsett. Ingen fleire tiltak starta opp (?).
	Registrere ferdsle på enkelte stader, som Skålastien, m.fl	Plassert ut, henta inn og lasta ned: Erdalen, Kattanakkenstien, Skålastien, Kjenndalen, Flatbrehyttastien og Bergset
Tiltak (skjøtsel/tilrettelegging)	Sjå til at innfallsportar har grensemerke og at øydelagde skilt vert bytta ut.	Utført, sjå årsrapport og VO-logg
	Delta i sårbarhetsvurderingar og besøksundersøkingar med forvaltninga	Ingen spesifikke turar arrangert i år
	Være med på dugnad for å hente ut søppel med helikopter, samt fjerne mindre søppel i buskane ved Briksdalsbreen, Supphellebreen og Bøyabreen i samarb med bygd/reiseliv	Plukker opp søppel fortløpande på oppsynsturar. Fellesinnsats ved Briksdalen saman m Oldedalen Skyslag. Lagd oversikt over uthenting. Samla og henta ut ved Lonene.
	Stiltiltak i Austerdalen: Kanalisering av ferdsel til ein sti, sperring av sti opp på morenene.	To dagars arbeid med opning av rett sti og stenging med stein og greinar sårbare stiar. Treng fleire dagar.
	Arrangere dugnad for å rydde opp hogstavfall i Sunndalen	Ikkje sett i gang pga. uavklaring med grunneigar mm
	Fjerne øydelagde nasjonalparkskilt ved Breheimsenteret, Bergset og Veitastrond, sette opp brefare-informasjon ved Tuftebreen og sette opp einskildståande brefareskilt ved Briksdalsbreen med tau/kjetting mellom.	Dei store skilta er henta og fjerna ved Breheimsenteret og på Bergset. Står att v vårstølen på Veitastrond + fundament i bakken
	Gå over stiene i Bergsetdalen i Luster og Lundeskaret i Jølster og gjennomføre naudsynte vedlikehalds- og kanaliseringstiltak.	Noko arbeid utført. Naudsynt med ekstra ressursar for årleg arbeid på mange stiar
Kartlegging/ registrering/ overvåking (inkludert bevaringsmål)	Kartlegge svartelistearter på Sunndalssetra, deriblant høstberberis, gran og platanlønn jmf registreringar i naturbase, og fjerne det som er mogleg.	Desse artane er ikkje observert. Må hente inn rett posisjon frå naturbase før eg går ut.
	Lage ei full oversikt over søppel som må hentast ut frå nasjonalparken	Laga oversikt med gps-posisjonar på andre stader. Ikkje gjennomført pga tidleg snø. Søppel vart henta ut ved Lonene

	Drifting av lydopptaks-utstyr for registrering av hubro i Sunndalen	Vart gjennomført av iverig hobby-ornitolog frå Sunnmøre under leiging av Tore Larsen/FM
	Registrering av bilete av faste installasjonar, t.d. bruer, løveskilt, stølsområde, infotavler, etc.	Utført, sjå VO-logg
	Sjekke Ståleskaret for toalettrestar	Det var kome nysnø då det var fint nok vær til å dra dit
	Bidra i prosessen med besøksstrategi og forvaltningsplan	Samtalepartner med forvaltninga. Innspel frå "folk der ute"
Naturveiledning/informasjon	Være tilstades med erfaring og kompetanse på styremøte/andre møte/synfaringar	Har delteke på alle styremøte og mange synfaringar
	Formidle til besøkande mellom anna informasjon om dronelflyging og lågflygingsreglar, om kvifor ein ikkje skal bygge vardar, og korleis man skal oppføre seg ved telting.	Fortløpande på oppsynsturar



Vinter ved Bøyabreen

### Statens naturoppsyn

Telefon: 03400/73 58 05 00 | Faks: 73 58 05 01

E-post: [post@naturoppsyn.no](mailto:post@naturoppsyn.no) | Nett: naturoppsyn.no

Post: Postboks 5672 Torgarden, 7485 Trondheim

Besøksadresse: Brattørkaia 15, 7010 Trondheim

Miljødirektoratet er eit statleg forvaltningsorgan underlagt Klima- og miljødepartementet. Statens naturoppsyn (SNO) er Miljødirektoratets feltpersonell.

SNO varetek nasjonale miljøverdiar og førebygger miljøkriminalitet. Oppgåver spenner frå kontroll og overvaking, til skjøtsel i verneområde, tilrettelegging i viktige natur- og kulturminneområde, informasjon og formidling.

SNO har òg mange oppgåver knytt til store rovdyr, både registrering av bestander, dokumentasjon av skader på husdyr og tamrein, og uttak av dyr det er gitt fellingsløyve på. Leiinga i SNO sitt i Trondheim, og vi har kring 60 lokalkontor spreidd over heile landet.